



# SISTE INDRE

Organ for Indremisjonsforbundet i Rogaland, Nr 5 2014. Årgang 54

Nærmere Jesus og hverandre s. 4



Vigrestad kvinneforening 50 år s. 5



Leirer på Ognatun s. 6



Himmelbilletten s. 10



Maria Hauge i Finnmark: s.12



## Tenleir med surfing s. 8



# Leder

Kretsleder Torgeir Lauvås



## Hvilke høstfarger ser du?

Gul, brun og rød er alle farger vi forbinder med høsten. Lauvtrærne går i hvilemodus og bladene visner. Den grønne kloroformen forsvinner fra lauvet og det dør. Grønn er fargen for liv, mens gul, brun, oransje og rød er farger som vitner om forråtnelse og død.

Jesus dro en gang gjennom et område som disiplene tenkte var kun en veistrekning. Folket der var annerledes enn jødene. Kulturen var forskjellig. De var bare på gjennomreise. De skulle ha matpause og slappe litt av. Det var ikke tid for evangelisering og samtale med tilfeldige mennesker de kunne møte på.

Det var da Jesus så en høstfarge som vekket engasjement hos ham. Han så hvitfargen. Den åndelige høstfargen som en kun kan se gjennom Åndens

briller. Denne fargen dukker opp til alle årstider. Du vil kunne se den i møte med de forskjelligste mennesker. Midt i hverdagen din. I allslags situasjoner vil du kunne møte hvitfargen i mennesker som er klar til å ta imot Jesus, eller begynne vandringsen mot tro og bekjennelse.

Vi leser fra Johannes evangeliet 4 om når Jesus har snakket med en kvinne han får ledet til tro, og lunsjpauken med disiplene endelig kan begynne. Da sier Jesus: «Dere sier: Ennå er det fire måneder til innhøstingen. Men jeg sier dere: Løft blikket og se på markene! De står alt hvite mot høst. Den som høster, får sin lønn og samler inn grøde for det evige liv, slik at den som sår og den som høster, kan glede seg sammen. Her er dette ordet sant: 'En sår og en annen høster.' Jeg har sendt dere ut for å høste det dere ikke har hatt

noe arbeid med. Andre har arbeidet, og

dere har gått inn i det arbeidet de har gjort.»

Vi har lett for å se åndelig død og forråtnelse i samfunnet og i mennesker rundt oss. Vi ser bare de røde, gule og brune høstfargene. Vi glemmer at høstens Herre arbeider med mennesker rundt oss. Han kaller, lokker og drar. Har han fått gitt dem noe av sitt ord og evangelium, eller berørt dem med sin kjærlighet, vil disse frøene kunne spire fram til liv en dag.

Be om øyensalve til å se hvitfargen, se mennesker som lengter etter gudsnærhet og håp i livet sitt. Be om at du får kraft og mot til å lede noen til tro og Jesusetterfølgelse. Be om at du kan få disse brillene i dag og ikke om fire måneder. Markene står alt hvite til høst i dag.



Indremisjonsforbundet i Rogaland  
Mjøhusvegen 70, 4364 Sirevåg  
Tlf. 51 79 38 80

Direktenummer:

Anne Berit Aarland 977 67 073  
Terje Slettebø 51 79 38 80  
Kari Helen Garheim 975 74 550  
Frøydis Aarland 459 55 965  
Anne Bergitte Auestad 920 90 232

Bankgironr. 8220.02.80101

Epost: rogaland@imf.no  
imfrogaland.no

**Krinsformann:**  
Gabriel Pollestad  
404 10 290

**Krinsleiar**  
Torgeir Lauvås  
Tlf 971 71 745

**SISTE INDRE**  
Organ for ImF-Rogaland  
Tilslutta Indremisjonsforbundet  
Kjem ut 5 gonger årleg  
Kontingent kr 250,-  
Redaktør: Torgeir Lauvås  
Sats: Tubb  
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**  
Mjøhusvegen70  
4364 SIREVÅG  
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer  
Tove Braut 51 79 38 88  
Heimeside: ognatun.no  
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:  
Tove Braut Tlf. 951 00 842



**Bryne Rør A/S**

Telefon: 51 77 82 00  
E-mail: post@bryneror.no



**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå  
Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger  
51 97 29 00



Bokføring - lønn - årsoppgjør  
stiftelser- økonomisk rådgivning

ROTT

**Odd Narve Grude**  
Næringsbygg  
Tlf.: 90 13 95 19  
51 42 37 99



## Gud talar - du må svare!

«Etter at Gud i fordoms tid mange gonger og på mange måtar hadde tala til fedrane gjennom profetane, har han no i desse siste dagar tala til oss gjennom Sonen. Han har han sett som arving til alle ting. Ved han har han og skapt verda.» Hebr 1. 1-2

Desse bibelvera seier oss eit viktig fokus ved advent. Gud talar til oss gjennom Jesus. At Gud sender Jesus til jord er Guds tale til oss menneske om at vi treng ein frelsar. Vi møter Guds kjærleik til oss menneske gjennom Jesus som stig ned frå himmelen for å vera vår redningsmann.

Jesus som kjem til jord er Guds utstrakte hand til oss menneske. Gjen-

nom den møter vi ein Gud som viser kor høgt han elsker oss. «For så høgt elska Gud verda, at han gav Son sin,» Joh 3.16a . Guds frelsarhand bringer og med seg det vi menneske treng for å koma inn i eit rett forhold til Gud og få evig liv. «Men alle dei som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans» Joh 1.12.

At Jesus kjem til jord er også Guds sterke tale om at vi menneske har ein person å forhalda oss til når det gjeld vårt forhold til Gud. Frelse og evig liv, alt blir avgjort gjennom vårt forhold til Jesus.

Korleis svarar du og eg på Guds tale til oss i advents tida? Vi kan forhalda oss tause og ikkje gje nokon respons. Bodskapen om Jesus lar vi stilleiande passera. Ein respons og eit svar som talar sitt tydelege språk, og Gud seier til deg: Kva meir skal eg gjera for deg for å få deg i tale?

Guds tale gjennom Jesus kan vi og som menneske avvisa. Jesus har eg ikkje bruk for. Den utstrekta handa frå himmelen som adventtida talar om blir avvist. Jesus si frelsar hand blir ståande og banka på ei stengt dør inn til ditt liv.

For mange blir adventtida ei fin tid til å få fornya sin åndelege status. Vi kan på nytt få stadfesta både for oss sjølv og Gud at frelsaren som blir født julenatt er min redning. Den kjærleik, nåde og syndstilgjeving han bringer til verda er mitt håp for himmelen. Brukar vi adventtida til ei slik statusoppdatering blir det juleglede både hjå deg og hjå Gud.

God advent! Kva viser din status?

**NorProfil AS**

**RIANOR AS**

**WALDELAND MASKIN**

- Grunnarbeid
- Transport
- Grønting
- Grusgrav
- Landbruk
- Traktor
- Pressing av rundballe
- Vintervedlikehold
- Breyting og strøing



Tlf: 90 79 61 44

**reime&lode**  
Nærbø. Tlf. 51 79 10 10  
[www.reimeoglode.no](http://www.reimeoglode.no)

**ASTOR**  
LANDBRUK AS

**GM-offshore**

**Haugstad Eiendom AS**

Postboks 37  
4369 Vigrestad

**Vardheiveien  
Eiendom AS**

**MASKINERING &  
SVEISESERVICE AS**

# Nærmere Jesus og hverandre

Vi har møtt ei bibelgruppe tilknyttet Riska Bedehusforsamling som har brukt samtaleopplegget til ImF Rogaland. Bibelgruppa består av fire ektepar som møtes omtrent en gang i måneden. Hilde Hetland som sammen med sin mann er med i denne gruppa forteller: «Vi har brukt mange forskjellige opplegg, men begynte med dette samtaleopplegget med en gang det kom. Vi var da på jakt etter et nytt opplegg, så det passet fint. Når vi har bibelgruppe, går vi inn på nettsiden og henter ut det nyeste.»

● Av Torgeir Lauvås

I Riska Bedehusforsamling har de hatt Per Åge Berge fra ImF Rogaland som forkynner på flere møter både i vår og nå i høst. Han forkynner da i tråd med samtaleopplegget. Hilde forteller at hun kjenner at det berører henne litt ekstra når hun både hører forkynnelse og kan samtale om samme tema i bibel i forkant eller etterkant av møtet.

Siden de har brukt flere opplegg i sin gruppe, er det spennende å høre hva de tenker om det de nå bruker. Hilde sier: «Jeg liker at det er flere bibelvers som vi må slå opp. Det er passe langt slik at vi kommer igjennom hver gang og kan bruke tiden på å samtale om det som vi blir berørt av. Vi har flere ganger tenkt at det hadde vært



Bibelgruppa på Riska, Hilde Hetland nr. 1 frå venstre.

greit med enda litt flere konkrete spørsmål til samtale. Hva vil denne teksten si oss i dag? Hvordan kan du trekke det ned til noe som handler om deg og ditt liv.» Laila Riska som også er med i denne gruppa sier noe av det samme: «Jeg synes kanskje at noen av svarene sier seg selv. Det kan være vanskelig å finne noe å snakke om.»

Å tilhøre et nært og mindre fellesskap som en bibelgruppe er, har en viktig funksjon. «Det er rom for å åpne seg, si hva en tenker. En blir kjent med, og trygg på dem i gruppen. Det er rom for humor og alvor og det er plass for personlig bønn.» sier Laila. Hilde er enig og understreker at fortroligheten er noe av det hun setter pris på med en bibelgruppe.

ImF Rogalands samtaleopplegg er ment å stå i en større sammenheng der lokale møter

og storsamlinger hører med. Bibelgruppa på Riska har fått prøve hvordan det oppleves å samtale om et tema som belyses i forkynnelse på bedehuset sitt. Dette ønsker ImF Rogaland å hjelpe flere forsamlinger med. I bibelgruppa på Riska har noen av dem har også vært med på Storsamlinger som kretsen har arrangert. Vi hører litt med Hilde som har hatt med hele familien sin på to av Storsamlingene om hvordan har det vært. «Det kjennes godt å være en del av et større fellesskap. Lovsangen har vært bra og vi opplever det godt når det er noe mat i etterkant, for igjen å kjenne på fellesskapet.» Vi takker for praten og rådene fra bibelgruppa på Riska til hvordan opplegget kan bli bedre. Er du nysgjerrig på samtaleopplegget kan du finne ut mer på nettsida bd-hus.net

## Økonomien

Den økonomiske utviklinga dette året har vore litt betre enn forventet. Men gjennom vår og sommar har krinsen opparbeidet seg eit forholdsvis stort driftsunderskot. Haus-ten blir ei spennande økonomisk tid der vi håper at den gode økonomiske utviklinga held fram..

Ved utgangen av september hadde ImF-Rogaland eit driftsunderskot på 415 000 kr. Det er 233 000 betre enn vi hadde budsjettert med på dette tidspunkt. For heile året har vi budsjettert med eit underskot på 238 000 kr.

For dei 3 siste mnd av året har vi budsjettert med eit driftsoverskot på 410 000 kr. Erfaringa frå siste to år viser at dette er realistisk.

Inntektene pr 30.sept. er på kr. 2 853 925, ein auke på 9,7 % samanlikna med fjoråret. Utgiftene er same tid på 3 284 771, ein auke på 5,8 %

Dette viser igjen at avslutninga av året blir spanande økonomisk for arbeidet. Ein forholdsvis stor del av inntektene kjem inn i slutten av året, spesielt mykje i desember.

Vi trur og håpar at dette vil skje også i år, slik at vi kan koma i mål godt over budsjettert og tett opp mot balanse. Noko som er viktig for å driva eit godt arbeid framover..

Takk til alle som er med og ber arbeidet også økonomisk!

### Julegåve

På giroen som er lagt ved dette nr av Siste Indre kan du gje ei julegåve til ImF-Rogaland. Budsjettert for julegåva er på 30 000 kr. Hjarteleg takk for din julegåve til krinsen!

For krinsstyret Terje Slettebø

## Vigrestad kvinneforening 50 år

# Godt åndeleg fellesskap betyr mykje

Den 13. oktober markerte Vigrestad kvinneforening for ImF at dei hadde drive arbeid i 50 år.

Jubileet vart markert på den årlege kvinneforeningsfesten for alle kvinneforeningane på Vigrestad. I år var det ImF foreininga som hadde ansvaret for festen og til saman 81 kvinner møtte fram.

● Av Terje Slettebø

Olga Johanne Waldeland har vore med i foreininga i alle 50 åra sidan den vart starta. Ho fortel at det var Otto Ødegård, formann i Vigrestad Yngre Indremisjon som det då heitte, som opp fordra dei til å starta foreininga. Dei var då 7 kvinner som starta opp, dei fleste arbeidde på Handelslaget, så på folkemunne vart foreininga kalla «Forbruksforeininga». Dette var til stor fornøyelse for nokon. I mage år var dei 6-7 medlemmar, på det meste har foreininga hatt 15 medlemmar, nå er dei 12 som er med, seier Olga Johanne.

Første basaren var 14 oktober i 1965. Det kom inn 2 000 kr. Etter ynskje frå krinsssekretær Harald Haukeland vart pengane delt mellom krinsen og ImF sitt arbeid i Finnmark. Sidan har dei delt dei innsamla midlane mellom krinsen og arbeidet i Finnmark. Kvar haust har dei hatt basar, nå bruker dei ein fredag tidleg på hausten. Kl. 17.00 er det familiebasar og kl. 19.30 er det basar for dei vaksne. I år vart det ny rekord for basaren med kr 59 750 i innsamla midlar.

Foreningsdamene syns det er viktig å sjå heilskapen i misjonen, så når Bibelskulen på Bildøy trengte pengar til å renovere, vart foreininga med i 3000 klubben og ynskjer slik også å støttar opp om Bibelskulen. Det er Olga Johanne Waldeland som for tida er formann, til ein samtale med Siste Indre har ho tatt med seg Berit Tollefsen som er foreiningsmedlem. Dei understreker begge to at det gode åndelege fellesskapet betyr mykje for alle i foreininga. Dei har hatt fast foreiningsmøte annankvar måndag i 50



Vigrestad kvinneforening:Foreiningsmedlemmane: Frå venstre;Aslaug Haugland, Oddrun Aarsland, Reidun Aarsland, Turid Thunem, Anne Marie Tveita, Martine Haugstad, Berit Tollefsen, Gerd Viland, Solveig Versland og Olga Johanne Waldeland. Ikkje med på bilde; Marit Vigre og Sigrunn Efestad.

år utanom feriane. Dei opplever også god samhald og positivt engasjement i foreininga når dei har ansvaret for maten på festar på misjonshuset.

Berit og Olga Johanne syns også det er veldig fint å få vera med å støtta opp om misjonsarbeidet gjennom foreiningsarbeidet. Dei er glade for at dei og har ein del yngre krefter med i foreininga, og dei ser positivt på arbeidet framover.

Brit Jorunn Hovda var talar på jubileumsmarkeringa. Ho fortalte frå misjonærtida i Peru, og minna om kor viktig det er å ha Himmel-håp. Liv Valbjørg Bakke og Synnøve Grøtteland deltok med song og vitnemål. Det vart servert smørbrød og to flotte marsipankaker. På festen vart det også fortalt frå opp starten av foreininga.



Brith Jorunn Hovda talte på festen.

## Vinterbasaren

**KOMLEDAG MED BASAR  
LØRDAG 07. FEBRUAR**

### Egersund bedehus

Dørene opnar kl 10.00  
Sal av "Rolleappar", kaffi og kaker.

Møte kl 11.30

Minikonsert ved Red River  
frå Kvitsøy.

Etter møtet, ca kl.12.15, vert det sal av Bjerkreimskomla og kaffi/kaker

### Bjerkreim bedehus kl. 12.30

Andakt  
Sal av komla og Rulleappar.

Red River vil og syngje på Sjukeheimen på Vikeså lørdag ettermiddag

### Stor basarkveld kl 18.00

Konsert ved, Red River  
Andakt.

Åresalg og hovudtrekking.  
Mange flotte gevinster!!  
Kaffi og kaker

Arr. Egersund indremisjon og Bjerkreim indremisjon.



**Astor Industri  
Eiendom AS**

**Pål Hatteland AS  
Entreprenør**

Mob 99278710

# LEIRER PÅ OGNATUN VÅREN 2014

## Pris:

På leir med mor: 295/760 kr

Påskeleir: 660 kr

Du kan melde på maks 4 pers. pr. påmelding.

Vi trenger navn, full adresse, fødselsdato og tlf. nr. til 2 forelder/foresatte. (helst mobil nr.)

Etter påmeldingsdatoen trekker vi vilkårlig hvem som får bli med på leir. Vi sender brev for å fortelle om du har fått plass eller ikke, derfor er det viktig at vi får full adresse på alle personene dere melder på. Oppgi en kontaktperson for gruppa, slik at vi kan gi beskjed dersom du ikke har fått plass på leir. Gi gjerne beskjed hvem du ønsker å ligge på rom med.

## Meld deg på:

Vår hjemmeside: [www.imf.no/rogaland](http://www.imf.no/rogaland)  
Post adressen er: ImF – Rogaland, Mjølnhusvegen 70, Ognå, 4364 Sirevåg  
Mail adresse: [rogaland@imf.no](mailto:rogaland@imf.no)  
Tlf: 51 79 38 80

Merk henvendelsen med: LEIRPÅMELDING.

Ta gjerne kontakt hvis det er noe du lurer på.

Kontortid: Mandag – fredag fra kl 09.00-15.00

Barn/Ungdom med funksjonshemming som trenger assistanse til personlig hygiene/ADL skal ha med egen assistent.

**På leir med mor**

**5-7 år**

**07.-08. febr.**

**Påm. frist 06. jan.**

**Påskeleir 1**

**2.-4.kl**

**13.-15. mars**

**Påm. frist 03. febr.**

**Påskeleir 2**

**3.-5.kl**

**20.-22. mars**

**Påm. frist 10. febr.**

**Påskeleir 3**

**5.-7.kl**

**27.-29. mars**

**Påm. frist 24. febr.**



**Ledige helger på Ognatun i januar 2015**

**Til weekendar eller private selskap:  
9.-11. jan. og 16.-18. jan.**

Ta kontakt for tilbud på tlf. 51 79 38 88

## «På leir med mor»

7.-8. februar 2015 er vi kjempeklare for « På leir med mor » På leiren skal vi bli mer kjent med Jesus, og ha gilde aktiviteter for både barn og mødre. Så det er bare å sette av helga og melde seg på.

Anne Birgitte Auestad, Familiearbeider ImF Rogaland  
Tlf: 92090232  
Mail [ab.auestad@imf.no](mailto:ab.auestad@imf.no)

**TIME SPAREBANK**  
- for Jæren

Tlf.: 51 77 91 00 - [www.time-sparebank.no](http://www.time-sparebank.no)

**VIGRESTAD BYGG**



[WWW.VIGRESTADBYGG.NO](http://WWW.VIGRESTADBYGG.NO)



Tlf: 958 19 505

**Erna Holen Gartneri**

Ree - 4340 Bryne



Tlf.: 51 48 23 26

Fax.: 51 48 75 96

Mob.: 924 95 481

- Blomster for enhver anledning -  
Brudebuketter • Buketter • Dekorasjoner • Kranser

# Suldalsosen

Foran et flott frontmotiv i Suldalsosen Bedehus står noen av barna på et lørdagsmøte og synger «På Golgata stod det et kors». Møteleder Øyvind Kjetilstad, som er kontaktmann for ImF Rogaland i Suldal, sitter ved pianoet og spiller til både denne og en barnesang til. Datoen er 18. oktober. Kvelden før, fredag 17. oktober, var det også møte. Da møtte en god flokk på nærmere 30 stk opp. Etter tale og en del allsang kunne store og små kose seg med nybakt eplekake med kanel på. Den gode samtalen får folk til å stoppe igjen og høre hvordan det står til. Lørdagskvelden var



det litt færre på møte. Møtet handlet om at Gud har gitt oss som tror et oppdrag for ham som selv er høsten Herre. Denne kvelden er det flere barn på møtet, og både før og etter at de fikk komme fram og syngte, satt de rundt et bord og tegnet eller laget «loomies». Fra oss i ImF Roga-

land var det Torgeir Lauvås som var sendt som taler inn til Suldal disse to kveldene. Søndag var det ikke møte i Suldalsosen denne helga. Da skulle det være fellesmøte for hele kommunen på Sand der Kristian Landro skulle tale.

TL



## JULEFEIRING

Ognatun Ungdomssenter  
24. desember 2014

Vi ønsker å lage en tradisjonell norsk, kristen julefeiring for barnefamilier, men også for voksne uten barn, fra alle land og kulturer.  
**Starter kl. 12.00 på julaften.**

Mulighet for transport til og fra Ognatun.  
Vi avslutter kl. 23.30

Påmelding innen 8. des. til: Indremisjonsforbundet i Rogaland  
Tlf: 51793880 eller e-post: rogaland@imf.no Pris: Gratis. Rusfritt arrangement



**Indremisjonsforbundet i Rogaland**  
VI ER GODE NYHETER!  
Med Guds Ord til folket





**Mulbadaw Farm på 56 000 dekar i Hanangdistriktet i Tanzania**

**Matsikrings- og vannforsyningsprosjekt drevet med økonomisk støtte og kunnskap fra misjonsvenner i Norge gjennom SHV.**

(Stiftelsen Haydens Venner)

Se mer på [www.mulbadaw.com](http://www.mulbadaw.com)

## TAKKE FOR:

- Kvinne- og mansforeningane
- Tenleiren
- Marit og Irene, 40 år i teneste for Jesus.
- Alle frivillige leirleiarar
- Dugnadsfolket på Ognatun.

## BE FOR:

- Maria og Grete i Finnmark
- Julemessa på Saron
- Julefeiringa på Ognatun
- Bussen «Himmelbilletten»
- Førjulsleirane på Ognatun



**Tlf.: 464 22 022**

**Vigdel Engineering AS**  
**Telefon 46 41 18 19**  
**Egil@vigdelengineering.no**

**JG MASKIN**

Jan Gunnar Undheim - Verhaugsvegen 69, 4360 Verhaug  
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnaui@online.no



**• SERVICE • DELER**  
**• REPRASJONER**

# Surfing på Sola

Det var til Sola turen gjekk då 30 tenåringar skulle prøva seg på bølge-surfing, nokre for første gong, andre for andre eller tredje gong, men ingen utlærte. Tenåringane var på tenleir på Ognatun i oktober. Det hadde blese sterkt fredagen, men stilna såpass av laurdag at bølgene var passe store. Sol, vind, sjø og glade tenåringar.

● Av Randi Klingsheim Bø

## Himmelbilletten.no

Ikkje alle surfa, men alle var med til Sola laurdag føremiddag, nokre med bil og mange med buss. Det var så mange ungdommar på tenleir at leiarane hadde ikkje plass nok i bilane. Då vart [www.himmelbilletten.no](http://www.himmelbilletten.no) redninga. Sjøføren og eigaren av bussen køyrde oss først til Emmaus bedehus på Ræge. Der fortærte me raskt og effektivt velsmakande graut frå det gode kjøkkenet på Ognatun. Med graut i magen gjekk turen vidare til Solastranda, der Surf School stod klar med ein stor bil full av surfebrett og våttrakter som me skulle leiga. Dei som ikkje surfa, hadde konkurranser, såg på dei som surfa og kosa seg i bussen med bollar og saft.

## Surfing

To av leiarane på leiren var surfeinstruktørar, og det klarte dei så godt at fleire av lærlingane klarte å stå oppreiste og la seg føra inn med bølgene mot stranda før treningsøkta var omme. Dei som ikkje klarte reisa seg opp, fekk god trening i å liggja på brettet og treffa bølgene på rett tidspunkt. Resten av leiarane hadde si fulle hyre med å telja at alle dei surfande var over vatnet til ei kvar tid. Rosa, grøne og kvite T-skjorter var god hjelp for å halda styr på surfarane. Sjølv om nokon fekk nokre bølger over seg og svelde litt vatn, gjekk alt godt, og alle såg ut til å kosa seg.

## Fredag kveld

Men det var ikkje det einaste høgdepunktet i helga. Leiren starta fredag kveld med bli-kjent-leiker og møte utpå kvelden når endeleg talaren, Solveig Hosøy, endeleg kom. Ho hadde køyrt heilt frå Balestrand i Sogn den dagen, og hadde med seg fire unge jenter frå Hordaland. Tre av dei hadde ansvar for sang og musikk på leiren, flotte stemmer, gode pianistar og frimodige vitnesbyrd om Jesus.

## «Closer walk»

Temaet for helga var «Closer walk». Solveig



Hosøy hadde andaktar og bibeltimar der me mellom anna fekk høyra om Jesus som ønskjer oss velkomen heim som faren som venta på den bortkomne sonen. Han vil ha oss nær til seg. Me fekk også høyra om Guds fulle rustning som me kan ta på oss for å bli bevarte og bli verande hjå Jesus.

## Leirkveld

Tradisjonen tru var det leirkveld med lått og løye laurdag kveld. Fleire fekk prøva seg på frieri, Torgeir sitt blide åsyn skremde den eine etter den andre, og konferansierane gjorde ein flott innsats i sine gamle kjolar.

## Bønevandring

Etterpå var det tid for møte. Solveig hadde andakt, me song og så var det tid for å dela. Fantastisk kjekt med tenåringar som har møtt Jesus og fortel om det. Møtet vart avslutta med bønevandring. Mange skreiv namnet sitt på ei tavle. Øvst på tavla stod det: Eg vil følgja Jesus. Nokre blei bedt for, andre skreiv bønneemne og takkeemne på lappar. På nokre lappar stod det: Takk for de-lekveld. Takk for tenleir. Og det er det eg sit igjen med etter tenleiren. Takk for ein flott

leir. Takk til dei flotte, greie tenåringane. Takk til talaren, takk til forsongarane, takk for at eg fekk vera med som leiar og takk til Gud som møtte oss og som ønskjer å gå nær alle tenåringane som var på leir den helga. «Closer walk».

## Leirsangen

Til slutt tek eg med teksten til leirsangen. Den handlar om Jesus som er hjørnesteinen som alt vårt håp er bygt på. My hope is built on nothing less than Jesus blood and righteousness.

I dare not trust the sweetest frame but wholly trust in Jesus name  
Refr. Christ alone; cornerstone. Weak made strong; in the Saviour's love  
Through the storm, He is Lord, Lord of all.  
When darkness seems to hide His face I rest on His unchanging grace  
In every high and stormy gale my anchor holds within the veil.  
When He shall come with trumpet sound, oh, may I then in Him be found;  
Dressed in His righteousness alone, faultless stand before the throne.







## Ognatunbasaren

Også dette året samla Ognatunbasaren fulle hus på Ognatun, torsdag 25. sept. var dagen Det er veldig kjekt å merka den fine oppslutning og omsorg som er for leirstaden vår. Til saman kom det inn om lag 190.000 kr på basaren. Ein stor takk til Ognatun foreninga som står bak basaren, takk og til alle andre som bidrog til at ein i fellesskap fekk dette fine resultatet på basaren.

Hilde Hetland heldt andakt, og Shalom frå Bryne song. I pausen kunne ein få kjøpt smørbrød og kaker. Kvelden vart avslutta med åre-trekning og hovudtrekning. Både unge og eldre gleda seg over gevinstar dei fekk med seg heim. Takk til alle som kom og gjorde dette til ein fin kveld for Ognatun og misjonen.

### Ognatunbasaren 2013 Trekningsliste:

- Nr 1 Gävekort, BohusIngunn Byberg, Verdalen
- Nr 2 I-pad, Torunn Ivesdal Gjedrem, Bjerkreim
- Nr 3 Adventsduk, Tor Stokkeland, Varhaug
- Nr 4 8 krus/asjetter, Laila Obrestad, Vigrestad
- Nr 5 Juleduk, Tone og Mons Bjorland, Nærbø
- Nr 6 Hekla duk, Turid Jørgensen, Vigrestad
- Nr 7 To dynetrekk, Linda Rosnes, Varhaug
- Nr 8 Kaffimaskin, Fam. Bergesen, Varhaug
- Nr 9 Barnemøbler, Gunnvor Årdal, Bjerkreim
- Nr 10 Dokke, Anne Brit B. og Jan Finn Farstad, Bryne
- Nr 11 Panne, Magnus Herredsvola, Hommersåk
- Nr 12 Gryte, Aslaug og Magne Wold, Nærbø
- Nr 13 Pledd, Magnhild og Eivind Siqveland, Vigrestad
- Nr 14 TV kanne, Inger Lise Vold, Vigrestad
- Nr 15 TV kanne, Ella og Olaus Koldal, Egersund
- Nr 16 Kaffiset, Anette og Asbjørn Rugland, Vigrestad
- Nr 17 Gävekort Mega, Henrik Krog, Sandnes
- Nr 18 Gävekort Mega, Aslaug og Svein Helge Harbo, Nærbø
- Nr 19 Dessertskåler, Per Sigbjørn og Elisabeth Aarsland, Vigrestad
- Nr 20 Dokke, Audhild og Magnus Vold, Vigrestad
- Nr 21 Julekrybbe, Aslaug Klungland, Hommersåk
- Nr 22 Sparkesykkel, Grete Thorsen, Verdalen
- Nr 23 Skatebord, Solveig og Gunleif Undheim, Nærbø
- Nr 24 Teflon duk, Fam. Lars Tønnesen, Klepp stasjon
- Nr 25 Gulvløper, Anny og Glenn Stokkeland, Brusand
- Nr 26 Stikksag, Fam. Geir Magne Hauge, Verdalen
- Nr 27 Bok «Minfelt», Hans Anestad, Varhaug
- Nr 28 Ryggsekk, Helena Grødeland, Orre
- Nr 29 «Koneforlenger», Anne Lise Stokka, Kleppe
- Nr 30 «Koneforlenger», Kirsten Frøyland, Egersund
- Nr 31 Bok, Janne og Aksel Stavnheim, Vigrestad
- Nr 32 Hagesaks, Minda Kvasdheim, Brusand
- Nr 33 Hagesaks, Anny og Anders Tunheim, Bryne
- Nr 34 To krukker, Bergit Husvegg, Varhaug
- Nr 35 Leiketektor, Ronny Matnisdal, Vigrestad
- Nr 36 Massasjeapp., Thea Skårland, Bryne
- Nr 37 To bøker, Juliann og Lars Rugland, Vigrestad
- Nr 38 Håndklepakke, Gudbjørg og Steinar Skretting, Varhaug
- Nr 39 To sengesett, Rose Marie og Sigbjørn Sirevåg, Sirevåg

## ADVENTSKALENDER

Se vår  
adventskalender  
på facebook!

I desember kan du glede deg til, ImF Rogaland sin egen

Adventskalender. Hver dag frem til jul vil det bli lagt ut på

Facebook sida vår en aktivitet eller oppgave dere kan gjøre sammen som familie



6  
D  
E  
S  
E  
M  
B  
E  
R



DA HAN GAV OSS  
JESUS BLE  
VELSIGNET MED  
DE STØRSTE  
VELSIGNELSER  
SOM FINNES BÅDE  
I HIMMEL OG PÅ  
JORD

I DAG KAN DU TA MED HEILE FAMILIEN TIL EN  
KOSELIG JULEMESSE DAG PÅ IMF SIN JULEMESSE PÅ  
SARON PÅ BRYNE  
(SJA EGGEN ANNONSE I SISTE INDRE)  
TILLEGSPOPPGÅVE: KJØP EIT LERRET/PAPPARK SOM  
SKAL BRUKES SENERE

12  
D  
E  
S  
E  
M  
B  
E  
R



DA HAN GAV OSS  
JESUS BLE  
VELSIGNET MED  
DE STØRSTE  
VELSIGNELSER  
SOM FINNES BÅDE  
I HIMMEL OG PÅ  
JORD

REFLEKS LØP PÅ OGNATUN KL 17-  
❖ TA PÅ GODE VARME KLÆR  
❖ TA MED MATPAKKE/PØLSER/KAKAO  
❖ VI TENNER OPP BÅLPANNA  
❖ ANDAKT

  
**FARGERIKE**  
FARGERIKE HALVORSEN  
Varhaug  
Tlf: 51 43 61 00

**Maler'n AS**  
Vikeså

# Vi får møte folket der dei er!

Annankvar lørdagskveld mellom kl 23.00 og 02.00 kan alle som er innom på Bryne torg sjå ein grøne buss som står parkert. Bussen er open og folk bli invitert inn på kaffi, god drøs og noko å bita i.



## ● Av Terje Slettebø

På bussen står det Himmelbilletten er betalt. Og målet med arbeidet er å forkyne Guds ord der folk er. Leif Friestad frå Brusand som er leiar for arbeidet fortel at her er mange som tek kontakt og ynskjer samtale. Mange treng nokon å drøsa med. Gjennom dette arbeidet har vi funne ei stor og viktig misjonsmark. –Nokre av oss er ute på gata og snakkar med folk, deler ut kort med Bibelvers o.l og det er store mengder evangeliseringslitteratur som blir delt ut i løpet av ein kveld, fortel Leif. Det var bror til Terje Friestad, bror til Leif som tok initiativet til «Himmelbilletten» Han hadde tidlegare vore med i eit liknande buss-arbeid på Bryne og sett behovet. Han vart dessverre sjuk og døydde og då har det vore fint for Leif å føra dette arbeidet vidare.

Han opplever det svært gjevande å vera med i dette arbeidet. -Det opplevas godt å få vera der å peika på Jesus og vitna om at her er ein himmel i vente. Her treffer vi mykje flotte folk. Og når vi får tilbakemeldingar frå andre menneske om at det betyr noko at vi er der er det stort å få vera med, opplever Leif Friestad. Bussen har vore på Bryne torg i ca 2 år nå. Tiltaket er tverrkyrkjeleg, og dei ynskjer å få med folk i arbeidet frå alle forsamlingar og menigheiter rundt om på Jæren. – Får vi nok folk med kan vi vera på torget kvar lørdagskveld, seier Friestad engasjert. Folk er veldig velkomne til å ta turen inn Bryne torg og bussen ein lørdagskveld for å sjå og bli kjent med arbeidet. Dei som er med i arbeidet er også veldig glade for forbøn og økonomisk støtte.

**Julebuffet**  
m/dessertbord og kaffe

Onsdag 03. des kl. 19.00  
Søndag 07 des kl. 12.30

Forhåndsbestilling/  
reservering av bord  
innan 28. nov.  
Pris kr 395,- vaksne  
kr 200,- 4.-12 år  
kr 110,- 1-3 år

Velkomen!

**OGNATUN**



# Sammen-helg



**Ognatun 17.-19. april 2015**

Store og små, alle er velkommen til å bo billig på Ognatun denne helga.  
Vi vil være sammen for å kjenne Jesus-felleskap!

DISSE BLIR MED OSS:  
Glenn Nord-Varhaug, Tor Ingvald Lauvrak, Karl Helen Garheim, Anne Berit Aarsland, Anne Birgitte Auestad, Torgeir Lauvås m.fl  
DETTE KAN DU FÅ MED DEG:  
Speed-learning, Speed-leir, IMF Lunsj med årsmøtesaker, Sammen-tivoll, Bibeltimer, Sammen-fest, Flott og variert tilbud til barn og unge, Storsamling.



**IMF Rogaland**  
VI ER GODE NYHETER



# Julemessa Saron Bryne 5.-6. des.

## **Fredag 5. des. kl. 19.00**

Sang og musikk-møte  
Andakt Gunnar Ferstad  
ImF-Brazz Bryne, m.fl.  
Åretrekning, Kransekakelotteri, varesalg  
Salg av Pizza, lapper med mer.



Gunnar  
Ferstad

## **Lørdag 06. des. kl. 11.00**

Møte. Gunnar Ferstad

## **Lørdag 06. des. kl. 13.30**

Familiemøte. Andakt Gunnar Ferstad  
Klepp Soul Children  
Åretrekning og hovedtrekning  
Mellom møtene på lørdagen, kl 11.30-13.30 blir det:  
Matsalg: Suppe, grøt, smørbrød, kaker, kaffe og brus.  
Varesalg: Lefse, Småkaker, gjærbakst, grønnsaker, egg,  
pyntegrønt, handarbeid m.m.  
Loddsalg: Åretrekninger, kransekakelotteri og barne-  
utlodning

## **Barnevennlig**

Julemessa vil være barnevennlig. I kjelleren blir det  
eget opplegg for barna der de kan delta på spen-  
nende aktiviteter.

## **Bruksalg**

I år blir det også eit bruksalg under messa. Her  
ønsker vi å samle inn brukte, gjerne eldre, ting, som  
kan være av interesse for andre. Dette er ikke et lop-  
pemarked der vi vil selge allslags krams og krams, men  
et bruksalg der vi satser på litt mer attraktive ting.

## **Fine dameklær**

Nytt i år er at vi også prøver oss på salg av fine  
dameklær. Her ønsker vi å selge pent, brukt dametøy,  
fest og selskapsklær. Finsko, skjerf, belter, smykker og  
vesker er også interessante.

Har du liggende noe som kan passe til bruksalget  
eller pent brukte dameklær så ta gjerne kontakt med  
oss på kretskontoret (tlf. 51 79 38 80). Eller du kan  
levere det på Saron torsdag 4. des. mellom kl. 16.00-  
17.00.

Julemessa er kretsen sin store dugnad og en svært  
viktig inntektskilde for misjonen!

# VELKOMMEN TIL JULEMESSA!

## ETTERMIDDAGSKAFÈ

Onsdag 18. mars kl 15.00-18.00



## ONSDAGSKAFÈ

18. febr kl 11.00-14.00

15. april kl 11.00-14.00

# Ognatun



# Mote kan bli misjon

Vi vil ha klessalg av finklær til kvinner under Julemessa vår  
på Saron, Bryne 5.-6. des. - Har du noe du ikke bruker?



➔ Penger  
↓  
Indre -  
misjon  
↓  
Gud gir vekst

# Storsamling for hele kretsen

Søndag 18. januar kl 11.00 på Fredheim Arena, Sandnes.

Forkynnelse. Barneopplegg. Lovsang. Kollekt.

# STOR Sa m ling


**Grude Gartneri**  
Brekkeveien 18  
4353 Klepp Stasjon

## Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:  
Torget 5, 4340 Bryne  
Nordsjøveien 2671,  
4360 Varhaug  
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes  
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no  
[www.jarok.no](http://www.jarok.no)



Autosert regnskapsvesenhet



**Le Service A S**  
Leplanting  
Hageanlegg  
Kompoststrø



4362 Vigrestad  
Tlf: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53  
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

**Maria Hauge i Finnmark:**

## Fullt og heilt avhengig av Gud!

Reiste til område med få kristne og lite kristent arbeid. Får oppleve at to unge jenter som kjem på leir vel å fylgja Jesus.

Tidleg i haust reiste Maria Hauge (20) frå Verdalen og Grete Foss (21) frå Lyngdal til Aust Finnmark for å vera barne- og ungdomsarbeidarar for ImF. Dei visste at dei kom til eit område med få kristne, og spesielt få unge kristne. Dei skulle bu i Vadsø, og på bedehuset der var det ikkje noko barne- og ungdomsarbeid då dei kom oppover. I kyrkja er der Speidarar, og der hadde vore eit barnekor og baby-song tidlegare.

● Av Terje Slettebø

### FOKUS

I kretsen var det planlagt 3 leirar på ungdomssenteret i Vestre Jakobselv i løpet av hausten. Elles var utfordringa å starta opp nye tilbod for dei unge. Maria Hauge fortel på telefon frå Vadsø at dei har starta opp arbeid med vekslande hell. FOKUS på fredagskveldane skulle vera ei uformell samling på bedehuset Betesda for å få kontakt med ungdom. Maria fortel at dei har prøvt to fredagskveldar, så langt har ingen dukka opp, men vi prøver igjen!

### Skulelag

På den vidaregåande skulen har dei forsøkt å starta opp skulelag med samling i eit friminutt. -Her har vi verkeleg måtta gå ut av komfortsonen, for vi må oppsøka elevane og invitera dei til samlinga seier Maria. Etter fleire forsøk der ingen kom, opplevde vi nyleg at det kom 4 gutar. Verkeleg eit gjennombrudd i arbeidet og utruleg kjekt, for vi begynte å lura på om dette var det rette.

### Leir

For Maria og Grete har leirarbeidet på Ungdomssenteret Vestre Jakobselv vore det mest positive. Først ein fin ungdoms-



Leir på Ungdomssenteret i Vestre Jakobselv.

leir med 10 deltakarar, så leiren for 5.-7. klasse med 23 deltakarar. På denne leiren var det to av jentene som bestemte seg for å fylgja Jesus. Utruleg kjekt og inspirerende med desse ungdomane som tok imot Jesus, seier Maria til Siste Indre. Nå ser dei fram til leiren for 1.-4. klasse. På Ungdomssenteret er dei og med på B-tween, ei uformell samling for 5.-7. klasse og her kjem det innom litt ungdommar.

### Eldre bryr seg

Maria og Grete har blitt veldig godt mottekne av dei eldre kristne på Bedehuset Betesda i Vadsø. -Vi merkar at dei bryr seg om oss, ber for oss og er glade for at vi vil driva arbeid for dei unge, fortel Maria. Dei hjelper oss når vi treng hjelp, og inviterer oss ofte heim til seg på middag. Når det er møte på Betesda er Grete og Maria med og har søndagsskule for barna.

### Handball

Grete spelar handball, ho har tatt på seg å vera trenar for jenter 16 år. Slik blir dei kjent med ungdommar og får knytt kontaktar. Dei håper etter kvart at dei kan invitera spelarane heim til seg for å utvikla enda betre relasjonar.

### Forbønn

Maria og Grete opplever at når dei er så få kristne er dei fullt og heilt avhengige av Gud. Dei er og avhengige av forbøn, og er glade for alle i Rogaland som hugser på dei i bøn. Utfordringane for desse to flotte «indremisjonærane» er store, men dei går i tiltru til Gud og får erfarar at han er med og opnar dører.

Når vi tok telefonen til Vadsø var vinteren komen med snø og kuldegrader. Men det var tydeleg å høyra at desse unge medarbeidarane ikkje let seg skemma verken av vinter eller mørketid. Men på spørsmål om ho skulle feira jul i Finnmark var Maria klar; -Nei, eg kjem heim til jul!



Kos rundt leirbålet.